


Nr.2 -april 2022

Masfjordingen

Masfjorden sokn gjev ut
meldingsbladet
i samarbeid med
Masfjorden kommune



Gudstenester

10. april Palmesøndag

Granneheimen kl.11:00

Gudsteneste v/Helge Taranrød

Takkoffer til Bjørgvin bispedøme si
venskapskyrkje på Cuba

14. april Skjærtorsdag

Sjukeheimen kl.14:30

Fjon Fjellkyrkje kl.17:00

Gudstenester v/Torbjørn Sæle

Takkoffer på Fjon går til Fjon Fjellkyrkje

15. april Langfredag

Frøyset kyrkje kl.11:00

Gudsteneste v/Torbjørn Sæle

Takkoffer til barne og ungdomsarbeidet i
Masfjorden sokn

17. april Påskedag

Solheim kyrkje kl.11:00

Høgtidsgudsteneste v/Torbjørn Sæle

Takkoffer til barne og ungdomsarbeidet i
Masfjorden sokn

18. april 2. påskedag

Sandnes kyrkje kl. 11:00

Høgtidsgudsteneste v/Torbjørn Sæle

Takkoffer til barne og ungdomsarbeidet i
Masfjorden sokn

1. mai

Frøyset kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste v/Torbjørn Sæle

Takkoffer til Sjømannskirken

8. mai

Solheim kyrkje kl. 11:00

Fredsgudsteneste v/Torbjørn Sæle

Takkoffer til Sjømannskirken

17. mai

Solheim kyrkje kl. 10:00

Sandnes kyrkje kl. 11:45

Sjukeheimen kl. 15:30

Gudstenester v/Torbjørn Sæle

Takkoffer til Frelsesarmeen

22. mai

Fjon fjellkyrkje kl. 16:00

Samtalegudsteneste i samband med
konfirmantleir

v/Torbjørn Sæle og Helga Ekehaug

Takkoffer til SOS barnebyer



26. mai Kristi Himmelfartsdag

Dagsturhytta i Grøttneset kl. 12:00

(mellom Mjanger og Kvingo)

Friluftsgudsteneste v/Torbjørn Sæle

Takkoffer til SOS barnebyer

5. juni Pinsedag

Frøyset kyrkje kl. 11:00

Høgtidsgudsteneste v/Torbjørn Sæle

Takkoffer til SOS barnebyer

6. juni 2. pinsedag

Stemmevatnet på Solheim kl. 11:00

Friluftsgudsteneste v/Torbjørn Sæle

Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap

12. juni

Sandnes kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste v/Torbjørn Sæle

Dei som var 50 års konfirmantar i 2020 og 2021
vert særskild invitert til denne gudstenesta.

Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap

**Informasjon om gudstenestene i Masfjorden
finn du alltid i kalenderen på nettsida vår:
www.masfjorden.kyrka.no**

Døpte

27.02.22 Sverre Osland Lilleberg

– Fjon Fjellkyrkje

Foreldre:

Solvor og Øyvind Osland Lilleberg

05.03.22 Oliver Haveland Molland

– Frøyset kyrkje

Foreldre:

Merete Haveland og Stein-Oskar Molland

27.03.22 Elida Van der Veldt Vågset

– Solheim kyrkje

Foreldre:

Stine Hjortland Vågset og Mathijs Van der Veldt

Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja har de fått del i eit heilagt ansvar: Å visa omsorg for borna, be for dei, læra dei sjølve å be og hjelpa dei til å bruka Guds ord og delta i den heilage nattverden, så dei kan leva og veksa i den kristne trua.

Vigde

05.03.2022

Stein-Oskar Molland og Merete Haveland

Sjå til dei i nåde, og styrk dei med din Ande, så dei i gode og onde dagar set si lit til deg, held trufast saman og hjelper kvarandre fram mot det evige livet.

Avlidne

16.02.2022 Olav Skulstad f. 1934

24.02.2022 Reidun Marie Hindenes f. 1956

12.03.2022 Launa Mjanger f. 1923

Eg er oppstoda og livet, seier Herren. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som trur på meg, skal i all æva ikkje døy.

TAKK

Hjartans takk for all omtanke, gode ord, helsingar, blomar, kransar, bårebukettar i samband med vår kjære Jørgen sin sjukdom og død.

Takk for at du var med oss i begravelsen.

Takk for tente lys på minnesida hans, og for gåver til LHL.

Takk til prest Torbjørn Sæle

som gav oss ei god, fin stund i kyrkja.

Takk til gode medarbeidarar i Vatne begravesbyrå,

som gjorde alt for at vi skulle få våre ynskje

innfridd undervegs.

Helsing Berit og borna



MINNEORD

Such a great, wise, skillful and honourable man.

The whole family are amazing and lovely, and very honourable.

My heart has been very much with the family since I heard the news.

And my heart and spirit will be very much present for the ceremony as Jørgen is laid to rest later on today.

Blessings to all the family. Very, very lovely to have spent the time I have with Steine family, and of course with Jørgen.


Blessings to all, and to the ever lovely family of Jørgen and the Steine family.

Nick Barbour

BARNAS

Labyrint

Kan du hjelpe Gulliver gjennom labyrinten?



Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.



Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller **22 08 71 00**



– Klarar du å
teikne ein rett strek
med ein linjal?
– Sjølvsagt!
– Godt gjort! Eg
klarar det ikkje
utan blyant.

Finn fem feil!

Her feirer dei første kristne nattverd. Dei to bileta er
nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?
Teikning: Asbjørn Tønnesen



Vitsar

Eit egg fekk
sjå seg sjølv i eit
speil.
– Å nei, eg har blitt
eit speilegg!

– Pass deg
for trappa!
– Kva for ei
trapp-app-app-
app ...

PÅSKE OG TID FOR Å DELTA



Har du lagt merke til at menneske som møter Jesus ofte får lyst til å dela?

I Bibelen kan vi lesa om Sakkeus som klatrar ned frå treet og etter eit møte med Jesus vil gje pengar til dei fattige (Lukas 19,1-10). Og kva er det første Levi gjer etter at Jesus har sagt «Følg meg!»? Jo, han vil dela eit måltid og inviterer kollegaene sine heim på middag (Lukas 5,27-29). Og kvinna med brønne, ho blir sett av Jesus, får nytt frimod og går for å fortelja kjente og ukjente om denne mannen; kan han vera Messias? (Johannes 4,1-30). Evangelia er fulle av slike historier om menneske som deler – tid og pengar, fellesskap og eigne erfaringar. Alle er dei inspirerte av Jesus – den han var og det han sa.

Jesus levde ordet dela. I påsken, på skjærtorsdagen, er han samla med sine næraste vener og et påskemåltidet – ein viktig del av den jødiske påskefeiringa til minne om utferdene frå Egypt. Under måltidet tek Jesus eit beger med vin, takkar og seier: «Ta dette og del det mellom dykk.» Etterpå tek han brødet, takkar, bryt det, deler og seier: «Dette er min kropp, som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg.» (Lukas 22,17-19).

Jesus gjev seg sjølv, sin kropp og sitt blod, til dei tolv læresveinane. Dagen etterpå, på

langfredagen, er han villig til å gje livet sitt, i kjærleik til alle menneske, så vi kan få del i hans siger over døden. Sigeren som gjer at vi på påskedagen og andre dagar kan synga «Deg være ære, Herre over dødens makt»

Så kan vi heile tida, og kanskje spesielt no, øva oss på å dela. Krigen i Ukraina har fått mange til å villa gjera noko. Eit ønske om å dela, om å gje pengar, klede, mat og anna nødhjelp. Behova er store og aukande med millionar av menneske på flykt. Det er behov for å dela omsorg – også i våre eigne nærmiljø.

Når vi deler kjem meir av det gode i oss til uttrykk. Vi når lenger ut til andre og djupare inn i oss sjølve. Og ikkje nok med det. Når vi deler, liknar vi på Jesus. I alle fall litt. Han som gav seg sjølv. Måtte det bli slik at vi ikkje snakkar om den gongen då vi delte, men om kvar gong når vi deler. Fordi det å dela med andre er blitt noko vi stadig gjer.

«Ta dette og del det mellom dykk.», sa Jesus. Så ta imot, med takk – og del med glede!

God påsketid!

Torbjørn Sæle, sokneprest

STOR TAKK TIL DEI TILSESTTE HJÅ FRODE HAUSVÆR MASKIN AS

Frode Haugsvær maskin as har grunnarbeid med boring, sprenging og graving tvers over fjorden for gravplassen på Skjerebakken. To gongar har det vore gravfølgje der den siste tida. Med det same det har vorte aktivitet på gravplassen, har det begge gongene vorte heilt stillt frå anleggsplassen!

Me veit alle at slikt er ikkje kostnadsfritt, lappane flagrar i slike samanhengar. Eg er trygg på å ha mange med meg i takkemd for denne respekten dei tilsette hjå Frode Haugsvær maskin as viser gravfølgje!

Remi Kallekleiv, kyrkjegardsrbeidar

PÅSKE~GUDSTENESTER i Masfjorden 2022



Palmesøndag 10. april kl. 11:00 Granneheimen

ved prost Helge Taranrød og kyrkjemusikar Anne Merethe Reknes

Skjærtorsdag 14. april	kl. 14:30	Sjukeheimen
Skjærtorsdag 14. april	kl. 17:00	Fjon Fjellkyrkje
Langfredag 15. april	kl. 11:00	Frøyset kyrkje
1. påskedag 17. april	kl. 11:00	Solheim kyrkje
2. påskedag 18. april	kl. 11:00	Sandnes kyrkje

alle ved prest Torbjørn Sæle og kyrkjemusikar Anne Merethe Reknes



www.masfjorden.kyrkja.no

MED PETER GJENNOM PÅSKEDAGANE

13. april kl. 19, onsdagen i den stille veka, kan du få presentert påskebodskapen i tekst og tonar i Sandnes kyrkje.

Prest Torbjørn Sæle deler eigne tekster skrive frå disippelen Peter sitt perspektiv. Innimellom kan du lytta til vakker musikk av Ove I. B. Danielsen, Vibeke Bjørndal Midttun og Stine Karin Sæle. Songane står tett til Bibelens påskeforteljing og fleire av dei er skrivne av musikarane sjølve, som alle bur i Alver.

«Peters påske – i tekst og tonar» er ein kveld der du kan vera med disippelen Peter gjennom påskedagane, tett på Jesus, med utgangspunkt i påsketekstane i Markusevangeliet. Frå palmesøndagens jubelrop og det siste måltidet, via svik og nederlag, til fortvilning, nytt håp og glede.

Arrangementet er gratis, varar ein god time og er i regi av Kyrkja i Masfjorden. Det vert mogleg å gje ei gåve til UCARE sitt barnesenter i Kenya, Ucare Maisha Center.

Tekst: Torbjørn Sæle, sokneprest



Peters påske
i tekst og tonar

Song og musikk v/
Ove I. B. Danielsen
Vibeke Bjørndal Midttun
Stine Karin Sæle

Gratis
inngang
Kollekt

Tekstformidling v/
prest Torbjørn Sæle

Sandnes kyrkje
13. april kl. 19.00
Arr: Kyrkja i Masfjorden

VELKOMEN TIL PÅSKESONGFEST

**Tysdag 26.april kl. 18:45-21:00
er alle velkomen i Frøyset kyrkje**

Då vil me ha PÅSKESONGFEST i kyrkja. Kva skal så ein kjekk fest innehalda? For min del blir det gjerne fest om det er song, musikk, mat og kjekke folk. Så det satsar me på denne kvelden!

Organisten vår Anne Merethe Reknes vil gleda oss med musikk, og være tonefylgje til dei fine påskesongane me skal få synga saman. Sokneprest Torbjørn Sæle vil dele litt av sine tankar om påsketida. Og kyrkjeutvalet på Frøset har lova å lage god mat til oss alle.

I år markerer me «frivilligåret 2022» i Norge, og dette vil gje utgangspunkt for samtale denne kvelden. Prost Helge Taranrød tar turen til Frøyset og hjelper oss i gang med praten rundt temaet «frivillig i kyrkja».

Så håpar me at mange har lyst å kome denne kvelden. Tidspunktet er tilrettelagt ferjetidene for kabelferja, slik at alle i Masfjorden kan bli med.

Tekst: Eli Eidsnes, kyrkjevevje





OVERRASKA MED VIGSEL I DÅPEN

Familien inviterte til dåp, men då gudstenesta starta var det også eit brudepar som kom inn kyrkjedørene.

5. mars vart ein spesiell dag i Frøyset kyrkje.
– Det var ein minnerik dag med ein magi og spenning over ein hemmelegheit som vi snart skulle dele med alle som var i kyrkja, seier Merete Haveland og Stein-Oskar Molland.

Då kyrkjelyden reiste seg for å ta imot prosesjonen med dåpsfamilien, var det til tonane av Mendelssohn sin kjende brudemarsj. Pappa Stein-Oskar bar Oliver og bak kom Merete saman med far sin. Nokre minutt tidlegare var han uvitande om at dottera hadde fått på seg brudekjole og skulle gifta seg.

– Det blei felt nokre gledestårer, det var mange smil, og overraska fjes, song og barnelatter, seier Merete. Først sa ho og Stein-Oskar ja til kvarandre framfor Herrens altar. Deretter vart Oliver båret fram til døypefonten.

– Alt blei perfekt! Vi blei gift og den vesle, fine guten vår, Oliver, blei døypt.

Tekst: Torbjørn Sæle, sokneprest

Foto: Privat



UTDELING AV «KYRKJEBOKA MI» TIL 4-ÅRINGANE

Søndag 13. februar var alle dei som fylte 4 år i 2021 inviterte til gudsteneste for å ta i mot «kyrkjeboka mi» i gåve frå kyrkjelyden. Det vart halde familiegudsteneste i alle dei tre kyrkjene våre, og borna fekk vere aktivt deltakande i gudstenesta.

Torbjørn prest fortalde om den gode gjetaren som talde alle sauene sine. Han skulle ha 100 sauer, men då han talde kom han berre til 99. Det mangla ein sau!

Heldigvis var det mange ivrige born som kunne hjelpe gjetaren å leita etter den bortkomne sau. Dei leita oppe i preikestolen, bak buskar og kratt, og bortom elva. Dei song songen «Hvor er du Krølle?» og ropte høgt på sau. «Krølle! Krølle!»

Langt baki kyrkja høyrde dei plutselig breking, og der fann dei ein stor sau som fekk vere med fram i kortrappa. Og for å feira at den bortkomne sau. endeleg var komen heim, vart det både song og dans.

Litt seinare i gudstenesta fekk 4-åringane utdelt kvar si bok. «Kyrkjeboka mi» er ei gåve frå kyrkjelyden, og vart utdelt av Torbjørn prest.

Tekst: Anne Merethe Reknes, kyrkjemusikar
Foto: Alimaa Tomor og Lillian Andvik





LYS VÅKEN

Helga 12. – 13. mars vart det arrangert Lys Våken i Sandnes kyrkje.

Lys Våken er eit trusopplæringstiltak, der alle born i alderen 10-12 år i Masfjorden vert invitert til å delta på samling med lek og aktivitetar, song, gudsteneste, og ikkje minst; å overnatte i kyrkja.

Lys Våken samla heile 18 deltakarar, som avslutta overnattingsopphaldet i kyrkja med aktiv deltaking i gudstenesta søndags formiddag. Her vandra dei inn i prosesjon saman med trusopplærar og prest, deltok i salmesong, bidrog med tekstlesing og forbøn, og tende lys. Dei fekk også høve til å fortelje litt om kva dei hadde vore med på under samlinga, og korleis dei hadde opplevd å vera saman på denne måten. I avsnitta under kan du lese kva ein av deltakarane og ein ungdomsleiar skriv om sine opplevingar:

Andrea Lahti Fjellby – deltakar:

På Lys Våken song me songar i lag. Presten Torbjørn fortalde om oppveksten til Jesus frå han var 12 år. Då han var 12 år var han med foreldra til tempelet i Jerusalem. Då dei skulle reise heim til Betlehem trudde foreldra at Jesus hadde gått

saman med nokon slektningar heimatt. Det hadde han ikkje og dei begynte og leita etter han. Mora blei bekymra for sonen sin, og etter tre dagar med leiting fann dei han i tempelet der dei hadde vore. Han snakka med nokre kloke prestar der. Då blei foreldra sinte på han, det var fordi dei var redd for at dei skulle bli arrestert. Jesus svara dei at han måtte vera i far sin sitt hus.

Til kvelds åt me pizza og etter det leikte me mørkegøymssel og fekk godtepose. Etter kos og godteri hadde me bønvandring og det var kjekt fordi me la dei tunge tankane våre vekk med å leggja ein stein ned. Etter det skulle me leggja oss, og me kunne sova kor me ville i kyrkjerommet. Nokon sov på golvet og andre på benkane. Eg og Nora Kristine hadde lyst til å sove inne i alterringen, så det gjorde me. Neste dag måtte alle saman rydda, men me rakk å vera oppe i klokkeårnet og ringa i klokka før gudstenesta. Eg trur alle hadde det kjekt på lys våken.

Andreas Nordland – ungdomsleiar:

Då me skulle gjere klart til Lys Våken var det mykje som skulle gjerast. Innkjøp av matvarer, fordeling av arbeidsoppgåver og å gjere klart alt til laurdagen. Då ungane kom, starta me med ein lek for å verte kjent med kvarandre. Etter det



snakka me litt om kva Lys Vaken står for, og at det er viktig å være vaken for det som skjer rundt oss. Seinare på ettermiddagen malte me ukrainske flagg med tanke på situasjonen som går føre seg nede i Ukraina no. Då kvelden kom, åt me middag og hadde gøymespel inni kyrkja. Det var veldig kjekt synast ungane. Ei lita stund før me skulle leggje oss, gjekk me tur bort til kommunehuset og drog i gang ein leik der medan Helga gjorde klart til bønnevandring i kyrkja. Då me kom tilbake til kyrkja hadde me bønnevandring, ein roleg aktivitet der me ber ulike bønner ved å skrive det ned eller å tenkje på nokon vi er glad i. Etterpå var det tannpuss før alle gjekk

til senga. Medan ungane sov, satt me leiarar oppe til klokka 3 som nattevaktar, før skiftet var over, og me endeleg kunne gå og leggje oss. Søndags morgon vakna alle saman tidleg, og var klare for å gjere klart til gudstenesta. Me leiarane laga frukost, medan alle andre pakka saman madrassar og soveposar. Alle åt frukost i lag, før me gjorde klart til gudstenesta. Etter at gudstenesta var ferdig, reiste alle saman heim. Dette har vore ei veldig kjekk helg synest me leiarar, og me anbefaler alle frå 10 – 12 år å melde seg på Lys vaken til neste år.

Foto: Rune Garmann og Torbørn Sæle

UNGDOMSLEIR I STORDALEN

Det vert ungdomsleir i Stordalen fredag 29. april – søndag 1. mai for ungdommar i Masfjorden som går i 10. klasse. Me hadde ein slik ungdomsleir i haust, og den var veldig kjekk. Me gjekk på tur, hadde mange leikar og koste oss mykje, så neste leir vert nok sikkert like kjekk. Me skal overnatte i leilegheiter ved Stordalen fjellstove. Me samarbeider om matlaging og aktivitetar på leiren. Alt etter ver, føre og interesser legg me opp til fjelltur, skitur, fisketur og leikar. Det vert morgon- og kveldssamlingar med bibelforteljingar og refleksjon ikring korleis me lagar ein leir- og eit samfunn- der kvar enkelt er velkomen til eit fellesskap bygd på nestekjærleik med inkludering, aksept, sanning, ansvar, fridom, glede og mykje meir. Meir informasjon om pris, tidspunkt og påmelding kjem på heimesida. Påmeldingsfrist fredag 15. april.

Arrangementskomiteen:

Andreas Nordland, Thea Hope, Åshild Andvik, Markus Lilletvedt, Hannah Maria Fin Helland.

MIN PÅSKESALME AV ALF STRAND

Du som låg i natti seine

*Du som låg i natti seine
Sorgtung vanvørd og aleine
Skjelvande på såre kne
Du som skåli trufast tømde
medan alle dine rømde
Stridsmann frå Getsemane*

*Du som spotta vart og banna
Kront med klungerkrans om panna
Medan augo brann i sorg
Du som stod i namnlaus pine
Skild frå dei du kalla dine
Einsam i Pilati borg*

*Du som hekk til krossen nagla
Medan blodut sveitte hagla
Frå di panne då du sa:
"Fader, kvifor gjekk du frå meg?"
Å lat nådens blodstraum nå meg!
Offerlam frå Golgata*

*Lær mi sjel kor du laut lida
Syn meg såret ditt i sida
Styrk og nør mi veike tru
Syn meg dine merkte hender
Så eg frelst mitt auga vender
Opp til deg på krossen du*

Jakob Sande

Denne salmen vart eg kjend med som dikt lenge før han kom med i salmeboka. Diktet er står i samlinga «Storm frå vest» frå 1931. Og eg tenkte med ein gong at jammen er det stor spennvidde i dikta denne diktaren har skrive. Melodien av Rolf Karlsen vart laga fyrst 40 år seinare.

Då eg fyrste gongen hørde melodien laga til den gamle teksten, visste eg med ein gong at dette var min påskesalme. Det er fyrst og fremst utsegna «styrk og nør mi veike tru» som treffer meg.

Dramatikken frå langfredag er utgangspunktet for Jakob Sande si skildring i denne teksten. Klokkarsonen frå Dale i Sunnfjord var nok godt kjend med bibeltekstane om langfredag. Med enkle ord og enkle setningar snakkar forfattaren i dei tre fyrste versa om Jesus og kva han måtte lida seg gjennom på vegen mot Golgata. Det skal

godt gjerast å skildra lidingane på langfredag på ein enklare og meir direkte måte enn Jakob Sande gjer. Valet av adjektiv er med på å understreka den dystre stemninga: sorgtyngd, vanvørd, åleine, skjelvande. Han startar kvart vers med «du som», og reknar på den måten opp heile lidingssoga. På slutten av tredje verset ber han om at han må få oppleve Guds nåde. Det fjerde verset er meir forma som ei bøn om å få bli meir kjend med og å venda augo opp mot han på krossen.

Ein gong biskop Hagesæter var på visitas i Masfjorden, det må ha vore eit av dei åra eg var leiar i Masfjorden kyrkjelege fellelsråd, kom me i snakk om denne salmen, og Hagesæter måtte vedgå at han ikkje kjende denne påskesalmen av Jakob Sande.

– Den må du lære deg, sa eg.

Neste dag, på ei samling i samband med visitasen, skulle Hagesæter ha andakt. Då tok han utgangspunkt i den linja i salmen som for meg er den mest sentrale. Den lyder slik: «styrk og nør mi veike tru».

Eg sat og var så glad for at eg hadde lært biskopen eit salmevers.

Alf Strand





SJØVEIS KYRKJEREIS TIL FEDJE

Søndag 12. juni blir det høve til å oppleva flott Nordhordlandsnatur frå sjøsida.

Dei 4 fjordabåtane M/S Granvin, Vestgard, Atløy og D/S Oster vil då gå frå Bergen, Osterfjorden og Solund/Gulen langs tronge sund og breie fjordar med Fedje som mål.

Kl. 12.00 blir det gudsteneste i Fedje kyrkje, som feira 80-års jubileum i 2021.

Kl. 15.00 går så båtane tilbake, same ruta. Det blir høve til å kjøpa seg mat både om bord og under opphaldet på Fedje.

Båtane vil ha stoppestad på mange av dei gamle kaiane i Åsane og Nordhordland på si ferd mot Fedje. Frå Bergen startar turen frå Holbergkaien med to båtar kl. 07.45, og frå Bjørsvik vil D/S Oster gå kl. 06.30. Frå Hardbakke startar M/S Granvin si kyrkjereis kl. 07.00. Retur nordover blir med M/S Atløy.

Prisane t/r varierer frå 200,- til 600,- alt etter stoppestad.

Detaljar om stoppestader m/rutetider, prisar m.m. finn du om du går inn på www.kystkultur.no. Der vil du og finna link til førehandssal av billetter, som skjer via www.ticketco.no. Du kan òg betala direkte ved ombordstigning. Set av datoen og bli med på ei førsommaroppleving av dei sjeldne!

Arrangementet er eit samarbeid mellom Fjordabaatane, Kystkultur.no og Fedje sokneråd

Tekst: Rune Minde, sokneprest Austrheim og Fedje

Foto: Fjordabaatane



FRIVILLIGPRISEN TIL IVAR HAUKELAND



På Pensjonistforbundet Nordbygda sitt årsmøte mandag 14. februar vart Ivar Haukeland tildelt Frivilligprisen. Den består av eit arbeid av ein lokal kunstnar - dette året er det Anne Marit Palmer som er kunstnaren - og eit diplom.

Det var ordførar Karstein Totland som stod for utdelinga. Men før det heldt leiar i styret for Frivilligsentralen ei lita tale, som var ei helsing til Ivar og ei lita grunngjeving for at han vart tildelt prisen. Talen er attgitt her:

"Det er lite eg veit om motorar. Men eitt veit eg: motorar treng olje. Og det gjeld uansett om det er dieselmotorar, bensinmotorar eller elektriske motorar. Dei treng olje til smøring, slik at friksjonen mellom delane vert minst mogleg. Då varer motoren lengst, og ein brukar mindre energi på jobben som motoren skal gjere.

Difor er det viktig å fylgje litt med, og sjå til at motoren får tilførsel av olje og ikkje går tørr. Det kan ha alvorlege – ja, enkelte gongar endåtil fatale – konsekvensar. Difor er planmessig etterfylling av smøreolje eit svært viktig tiltak.

Eit lite samfunn som vårt kan godt samanliknast med ein motor. Vi er som små delar som gjer våre ting, av og til åleine, andre gongar saman med andre. Og til liks med dei ordentlege motordelane treng vi også å smørjast litt av og til.

Men vi menneske skal ikkje smørjast med petroleumsprodukt. Vår «olje» er dei villige hendene, omtanken for andre, det varme og venlege smilet vi vert møtt med. Vi er heldige som har tilgang på slik olje. Men vi bør hugse at det ikkje berre er maskiner som treng etterfylling.

Det er difor Masfjorden frivilligsentral deler ut Frivilligprisen. Prisen er meint å vere ein honnør til ein som gjennom veremåte og gjerning er og

har vore olje i lokalsamfunnet vårt. Og i dag er det ein hverande person som skal få Frivilligprisen. Eg vil fortelje to ting om vedkomande: Det eine er at vedkomande stort sett alltid møter sine medmenneske med ein heilhjarta smil. Einaste situasjonen eg har observert at denne personen ser alvorleg ut, er når vedkomande skal fortelje ei morosam historie.

Det andre er eit minne frå mi tid som lærar ved Nordbygda skule. På ei foreldresamling som handla om kva som kunne gjerast for å forebyggje mobbing, vart dei som var til stades bedne om å dele med kvarandre ord som dei assosierte med det å kjenne seg trygg. Heilt spontant kom det frå ei av dei som var til stades: «Pappa!»

Det er forunderleg kor mykje eitt enkelt ord kan romme.

Som de no har forstått, vert Frivilligprisen delt ut til ein mann. Ein mann som er her. Ein mann som møter sine medmenneske med eit varmt smil. Ein mann som gjennom mange, mange tiår har stått på, og utrøyttleig og på mange ulike måtar har gjort ein heilhjarta innsats for sine sambygdingar.

Det er neppe nokon som er overraska over å få vite at Frivilligprisen går til Ivar Haukeland. Og det er neppe nokon som meiner noko anna enn at dette er ein pris du Ivar verkeleg har gjort deg særst fortent til.

Gratulerer, og takk!"

*For styret i Frivilligsentralen
Rune Garmann*

Tekst og foto: Rune Garmann

PENSJONISTFORBUNDET I MASFJORDEN

I Masfjorden har me tre pensjonistlag, eitt i kvar sokn. På Sandnes er det reint lokallag, dei andre to er tilslutta Pensjonistforbundet sentralt. For å tydeleggjera at desse to laga er del av det nasjonale forbundet, har me vorte oppmoda om å endre namn. Dette vart gjort på dei lokale årsmøta, så no heiter laga Pensjonistforbundet Nordbygda og Pensjonistforbundet Indre Masfjorden.

Begge laga hadde utsendingar til Pensjonistforbundet Hordaland sitt fylkesårsmøte i Bergen 22. mars. Å delta på ei slik samling er ein god inspirasjon for dei som er med å leia lokallaga. Forbundsleiar Jan Davidsen hadde hovedinnlegget, og det er alltid interessant å høyre på han. Han var tydeleg på at kvart enkelt medlem er ein styrke når Pensjonistforbundet skal møte sentrale politikarar og styringsorgan. Han var også klar på at i år må pensjonistane få pensjon i samsvar med tidlegare inngåtte avtalar. Han understreka at særleg må minstepensjonistane få ein anstendig pensjon. Elles snakka han om at Pensjonistforbundet er opptekne av å få i stand ei styrking av tannhelsetenesta for eldre. Eit anna emne som både forbundsleiaren og andre tok opp var belastninga dei pårørande kjenner når dei får ansvaret for dei nære heimebuande som treng ekstra hjelp og pleie.

Helge Haukeland blei innvald som nestleiar i fylkesstyret. Han er med i styret for Pensjonistforbundet Nordbygda, og har erfaring frå organisasjonsarbeid på landsplan. Han har valt å bruke litt av pensjonisttida si til arbeid i Pensjonistforbundet, så her har masfjordingane ein flink og nær kontaktperson. Bruk han!

I Masfjorden er det om lag 430 personar over 65 år, så me har mykje å gå på når det gjeld tal medlemmer i laga våre.



Pensjonistforbundet er partipolitisk uavhengig, og den største interesseorganisasjonen for denne aldersgruppa. Forbundet er talerør inn mot sentrale styresmakter både om velferd og økonomi. Mange tidlegare arbeidstakarar har vore organiserte då dei var yrkesaktive, og ser kanskje ikkje behovet for å støtte noko organisasjonsarbeid no lenger. Men som bergensaren Davidsen sa på møtet: Når en blir pensjonist, tror en kanskje at alt ordner seg sjøl, men det gjør det altså ikkje!

Me som er leiarar i Pensjonistforbundet Nordbygda og Pensjonistforbundet Indre Masfjorden vil med dette oppfordre dei aktuelle å støtte arbeidet med eit medlemskap. Aktiviteten i laga har vore varierende i coronatidene, men målet vårt no er å ha aktivitet som medlemmene våre har nytte og glede av, samstundes som me støttar arbeidet til Pensjonistforbundet sentralt. Det som forbundet oppnår med forhandlingar med staten kjem alle pensjonistane til gode.

Pensjonistforbundet Nordbygda
Ivar Haukeland.

Pensjonistforbundet Indre Masfjorden
Inger Jåstad



Pensjonistforbundet Hordaland: Frå venstre: Styreleiar Vigdis Ravnøy, 1. vara Kari Foseid Aakre, styremedlem Egil Haaland, styremedlem Vigdis Aarre Olsen, 2. vara Torild Rødder Alvheim, nestleiar Helge Haukeland, framme: styremedlem Gunvor Riim Opedal, økonomiansvarleg Oddrun Vabø og styremedlem Knut Gullaksen

ÅRSMELDING 2021 FOR NORDBYGDA PENSJONISTLAG

Medlemstalet dette året: 70 medlemmar, 5 fleire enn i 2020.

Kontingent: Kr 410,- Av dette går kr 100,- til lokallaget, og kr 80 til fylkesavdelinga.

Styret si samansetjing:

Leiar:	Ivar Haukeland
Nestleiar:	Marit Løvik
Kasserar:	Ragna Vabø
Skrivar:	Helge Haukeland
Styremedlem:	Karen Margrethe Sleire
Varamedlemmer:	Harald Birkeland Marion Bartlett Ruth Sleire

For Nordbygda pensjonistlag har også 2021 vore eit heilt spesielt år på grunn av Coronanedstenginga på vinter-/vårparten og siste delen av desember. Etter sentrale råd om nedstengingar blei mykje av lagsaktiviteten lagt på is. Laget har fått avvikla årsmøte og 4 medlemsmøte dette året. Møta vart haldne etter smittevernreglar, godkjent av smittevernlege i kommunen.

Pensjonistforbundet sentralt har vore pådrivar for å få til aktivitet og tiltak ute i organisasjonen som kan vera med på å få til møteplassar for eldre. Dette har forbundet blant anna formidla gjennom fleire Teamsmøter. I eit nedstengd samfunn på grunn av Coronaen er det viktig at eldre ikkje blir heilt innestengde og pasifiserte. Derfor har Pensjonistforbundet fått tilgang på å vidareformidla søknader på Dam-midlar. (Tidligare Ekstramidlar)

På slutten av 2020 starta styret ved leiaren på eit prosjekt «Tursti på Hosteland». Seinare fekk dette namnet «Naturmøteplassen på Hosteland». Planen var å få tildelt Dam-midlar til dette prosjektet.

Søknaden var omfattande, men med god hjelp i frå Frank Kvinge i Masfjorden kommune fekk vi sendt den inn til slutt. Stor var glede då vi fekk tildelt kr 300.000,- i frå Dam-midlar. Med 100.000.- kroner frå Masfjorden kommune, 90.000.-frå det private næringslivet, og 27.000.- frå eigen kasse var prosjektet fullfinansiert. Leiaren kunne med det setja entreprenør i sving med opparbeiding av

ein 600 meter lang sti. Det vart gjennomført fort og greitt, og 14. juni kunne pensjonistlaget i lag med grunneigar og mange andre inviterte offisielt opna anlegget. Dette er nok det største Nordbygda pensjonistlag har gjennomført.

Pensjonistforbundet Hordaland hadde ein god del midlar som dei fekk tildelt frå Statsforvaltaren. Dette var midlar som pensjonistlaga kunne søkja tiltak på for å få opp aktiviteten til pensjonistane og for å motvirke einsemd m.m. no når samfunnet har vore nedstengt så lenge. Nordbygda pensjonistlag søkte på to tiltak. Først konsert med Sigrid Moldestad på Nordbygda samfunnshus 15. september. Her møtte ca 150 pensjonistar, inklusiv følgjepersonar, til ein veldig velukka konsert.

Seinare på året søkte laget om midlar til å vera med på utdelinga av Medaasprisen for 2020 og 2021 på Den Nationale Scene i Bergen. Søknåden vart innvilga. Den 6. desember var vi ein full maxitaxi, 16 stk., pluss 4 til. Dermed var vi 20 personar som fekk ein god middag på Wesselstuen før utdelinga av Medaasprisen, som gjekk til Hellbillies og Ingebjørg Brattland. Også dette vart eit flott arrangement som deltakarane sette stor pris på. Samla mottok vi over kr 80 000,- frå Pensjonistforbundet i Hordaland til desse to arrangementa.

I frå Masfjorden kommune har laget i 2021 mottok kr 30.270,- til «Tilskot til eldre ut til middag». Ein del av desse midlane vart nytta og var kjærkomme då vi markerte 40+1 år for laget vårt på Stordalen Fjellstove 6. sept.

Vårfesten, sommartur, juleavslutning med meir vart avlyst. Eldredagen 1. oktober gjekk som planlagt på Nordbygda samfunnshus. Eldreprisen dette året gjekk til Reidun Kvamsdal for hennar store innsats innafor mange felt over fleire år.

Nordbygda pensjonistlag hadde i 2020 planar om å markera at laget hadde 40 års jubileum 01.05.2020. Dette måtte av Coronagrunnar utsetjast til 2021. Heldigvis greidde vi å gjennomføra ei vellykka 40+1 års markering på Stordalen Fjellstove 6. september. 31 personar var

samla og fekk vera med på ei fin markering der ma. tidlegare leiarar vart heidra.

Laget har halde 6 styremøte der 34 saksnummer er behandla. I enkelte saksnummer kan fleire saker vore behandla.

Laget har hatt 4 medlemsmøte med ulike tema dette året. 19 - 28 medlemmer har møtt på desse møta, der den sosiale delen har vore godt ivareteken med god prat, mat, kaffi, åresal, og tid til sang.

Medlemsmøta har hatt ulike tema oppe der desse har innleia:

Helse og omsorgsleiar i Masfjorden kommune Oddvin Neset snakka om reformen «Leve heile livet». Reforma har fem ulike innsatsområde.

Terje Rasdal tok oss med på fleire fine viser og sangar og ei gode skråne frå Voss fekk vi og med. Jan Thorsheim tok oss med på den Trondhjærnske postvei frå Bergen til Steine..

Øyvind Holsen fortalde om Strandamålarane på Veland som malte mindre måleri i frå ca 1935 til fram mot 1960-talet. Desse måleria var rimelege og svært populære og fanst i mange hus.

Leiar deltok på Fylkesårsmøte i Bergen 15.06.21. På haustkonferansen på Voss 12.-13. oktober-21 deltok leiar og nestleiar.

På grunn av Coronaen, har det vore svært begrensa kva turnemda har kunna bidrege med. Vi fekk til eit møte på haustparten 21, der vi har sett på eit par mogelege turar til våren 2022. I tillegg fekk vi arrangert turen til utdelinga av Medaasprisen 6. desember.

Laget har som tidligare år sendt blomsterhelsingar til jubilarar som har runde år frå 80 og oppover. Likeeins er det markert slik familiane ynskjer det når nokon er gått bort.

Nordbygda pensjonistlag sin leiar Ivar Haukeland er vår representant i Masfjorden Eldreråd, der han også er leiar. Helsekontakten i laget har også i år vore til uvurderleg hjelp for Nordbygda pensjonistlag og deira medlemmar.

Duesund 10.02.2022

Ivar Haukeland, leiar
Ivar Haukeland

Helse Haukeland, sekretær
Helse Haukeland

VÅRRYDDING PÅ GRAVPLASSANE

Kyrkjegardsarbeidar startar våroppdyddinga på gravplassane i slutten av april. Me vil difor be alle rydde og hente kransar og vinterpynt ein vil ta vare på frå gravene innan 24.april.

Me minner og om at det er viktig at lys med metall-lokk blir rydda vekk etter bruk. Dette for å forhindra at fuglar får tak i lokka og slepp dei ned på jorder rundt gravplassane. Særskild er dette viktig der gravplassane ligg i jordbruksområde som blir slått, då me vil unngå å få metallrestar inn i fôret til dyra.

Treng du hjelp til stell av familiens graver, tilbyr me gravstell-avtale med planting i mai, sommar, haust og kransnedlegging til jul. Dette kan du bestilla hos kyrkjevevje på tlf. 56 16 62 61. Der kan du og bestille oppretting av skeive gravstøtter.

Eli Eidsnes, kyrkjevevje



HELGE ANDVIK MOTTOK FRIVILLIGPRISEN 2021

Den 13. mars var det gudsteneste i Sandnes kyrkje, med påfylgjande årsmøte for Masfjorden sokn. Ein nytta dette høve til å dele ut nok ein frivilligpris. Denne gongen var det Helge Andvik som fekk prisen, som ei takk for eit mangeårig engasjement i eige lokalmiljø og på kommunalt plan, ikkje minst innan det kristne arbeidet i bygdene våre

Prisen, som er eit diplom og eit bilete av Anne Marit Palmer, vart delt ut av formann i Frivilligsentralen sitt styre, Rune Garmann, som heldt denne talen til prisvinnaren:

«Skal eit hus kunne brukast over lang tid, er det to ting som gjeld. Huset må vere godt bygd, og det må vedlikehaldast vel.

For å seie litt om bygginga: Fundamenteringa må vere god. Det beste er å byggje huset på fjell, og det er noko folk har visst i uminnelege tider. Det ser ein mellom anna av ei av Jesu likningar, i Lukas 7.24-27. Det er ikkje alltid ein ser så mykje av fundamentet når huset er ferdig bygd. Men over tid vil ein kunne avgjere om fundamenteringa har vore god.

Minst like viktig er det som kjem oppå fundamentet. Rett material i rett dimensjon, sett opp i tråd med kva som skal vere i lodd og kva som skal vere i vater, og med tilstrekkeleg solide samanføyingar.

Vert huset bygd med gode materialar og på rett måte, kan det stå lenge – svært lenge. Men det krev vedlikehald. Det krev at nokon som forstår seg på det, ser etter huset og gjer ein innsats når det er behov for det. Det krev dyktige og dedikerte bygningsfolk.

Men det er som det står i songen : «Husan e' som folk.» Og på same vis som med husa, treng vi at nokon byggjer gode fundament for lokalmiljøet vi lever i, at nokon som kan det, byggjer eit miljø der vi har vår rette plass, og der vi vert samanføyd med andre på ein god måte. Og vi treng at nokon ser kva som trengst for å halde det gode miljøet ved like.

I dag har eg gleda av, på vegne av Frivilligsentralen i Masfjorden, å få dele ut Frivilligprisen til ein som i mange år har framstått som ein dyktig bygningsmann i og for nærmiljøet vedkomande er ein del av. Denne personen har bidrege på ulikt vis, mellom anna ved å etablere og halde ved like eit kristent ungdomsarbeid i bygda vedkomande bur i. Men også i andre samanhengar



har vedkomande vore ein viktig aktør og pådrivar, både i eiga heimbygd, men også for andre delar av kommunen gjennom politisk arbeid på kommuneplan.

Vi snakkar om ein dyktig bygningsmann – både når det gjeld miljøet han er ein del av, og når det gjeld hus. Vi snakkar om Helge Andvik.

Helge, det er ei stor glede for meg å overrekkje deg denne prisen på vegne av styret i Frivilligsentralen i Masfjorden. Eg veit at dette er ei velfortent utmerking, og at alle som kjenner deg og innsatsen din veit det same.

Hjarteleg til lukke, og ein varm takk frå oss alle!»

Tekst: Rune Garmann
Foto: Helga Ekehaug

INNSAMLINGSAKSJON I NORDBYGDA BARNEHAGE



Nordbygda barnehage arrangerte Forut solidaritetsaksjon med ope hus på barnehagens dag den 15. mars.

Me fekk inn kr 8030,- som denne gongen går til barn i India.

Tusen takk til alle som bidrog med kjøp av lodd, mat og ulike produkt barna har laga i barnehagen.

Bistandsorganisasjonen FORUT gjennomfører årleg FORUT Barneaksjonen saman med barnehagar og skular i heile Noreg. Gjennom leik, læring og mange små innsamlingsaksjonar bidreg FORUT til auka kunnskap om barn sine levkår, og viktige inntekter til humanitær innsats i fleire land i Asia og Afrika.

Tekst og foto: Inger Marie Duesund, styrar.

STRAUMKOMPENSASJON

Ti lag og organisasjonar får straumkompensasjon etter straumstøtteordninga

Masfjorden kommune har blitt tildelt statlege kompensasjonsmidlar gjennom straumstøtteordninga. Midlane skal kompensera for deler av meirkostnadane lag og organisasjonar har hatt i straumutgifter i perioden desember-mars, og skal mellom anna motverka at dei høge straumprisane fører til redusert aktivitet.

Då fristen gjekk ut 15.03.22 var det kome inn 10 søknader. Basert på dei statlege retningslinene gjev søknadane samla sett rett på kr 37 834 i straumkompensasjonsmidlar.

Desse har fått stønad etter søknad:

Risnes IL/GUMA
Haugsvær bedehus
Sleire grendahus
Granneheimen
Solheim grendahus
Fjon UIL/Fjon grendahus
Kvinge grendalag/Skulehuset
Haugsdal grendahus
Molland skulehus
Nordbygda samfunnshus



Midlane vert utbetalt til søkjarane i mars.

Straumstøtteordninga vil verta forlenga til mars 2023. Regjeringa vil sjå på erfaringane frå første søknadsrunde og vurdere eventuelle behov for forenklingar i søknadsprosessen. Kommunen vil gå ut med ny informasjon når den føreligg.

Frank Kvinge
fagleiar kultur

SENIORTREFFA I GANG ATT

Første onsdagen i mars, ein av dei første soldagane på lenge. Eit nydeleg vårpynta bord var det som møtte godt over 20 pensjonistar på Sandneskafeen då Berit Lygre ønskte velkommen til seniortreff, det første på lang tid utan koronarestriksjonar.

Björg Nordland har vore primus motor for seniortreffa på Sørsida i 20 år. Ho sa opp frå nyttår. Med gode ord og ein keramikkvase med vakre vårbloomar takka Berit henne for den flotte og viktige innsatsen ho har lagt ned gjennom alle desse åra.

Kultur er viktig på seniortreffa. Denne gongen song Terje Rasdal viser og spelte gitar til. Det var quiz med spørsmål berre frå Masfjorden. Det skapte litt hovudbry.

To unge elevar frå kulturskulen, Sandra Strand Andvik og Sanna Kvinge, hadde ein liten konsert saman med Frank. Det vart ei flott avslutning med både piano og messingblås.





Berit hadde som vanleg laga nydeleg middag: svinesteik med tilbehør og ikkje minst viktig: bløtkake til dessert.

Seniortreffa har vorte til i samarbeid med heimetenesta og har vore eit populært tiltak.

Behovet for møteplassar har ikkje vorte mindre under pandemien. Berit, Terje og underteikna satsar på å driva dette vidare, gjerne i eit tettare samarbeid med pensjonistlaget på Sørsida. Denne gongen kom det fleire nye pensjonistar, og vi håper at vi etter kvart får med fleire «yngre» pensjonistar. Særleg er det ønskjeleg at fleire menn blir med på treffa.

Berit orienterte litt om planane framover. Det vart høve for dei frammøtte å komma med framlegg til innhald på seniortreffa. Lovisa orienterte litt om arbeidet i pensjonistlaget.



Neste seniortreff blir første onsdagen i april. Då håper vi på endå betre frammøte. Sidan har vi planlagt seniortreff første onsdagen i kvar månad.

Tekst og foto: Kjellaug Bolset Strand

HJARTELEG VELKOMNE TIL VÅRFEST

på Fjon grendahus 26.april -22 kl 14.00



Festtalar Trude Drevland

har dei siste åra vore leiar i «Rådet for et aldersvennlig Norge 2019 – 2021»
som arbeider for å leggja til rette for eit samfunn der den eldre delen av befolkninga kan
ha det godt og «Leve hele livet.»

Ord for dagen

Underholdning med song- og musikkinnslag

Gruppa "I G-dur" frå Alver kommune

Ordførar Karstein Totland

Servering av middag med dessert, kaffi og kaker

Pris pr. person er kr. 400

Påmelding innan 16.april til:

Ivar Haukeland 481 15 031

Inger Jåstad 959 95 024

Björg Nordland tlf 990 28 522

Lovisa Midtbø 95082322

Vi gled oss til å ha dykk som gjester og vonar dagen passar for dei fleste!

Arr. Masfjordnes pensjonistlag

(Ferre frå Duesund 13.00 eller 13.40 passar godt)



SUKSESSRIKT KORPSSAMARBEID

Helga 18.-20 mars var kring 60 musikantar frå Byrknes skulekorps, Nordbygda skulekorps , Fjøn musikklag og Sandnes skulemusikk samla på Sandnes skule til inspirasjonsseminar. Og for ei helg det vart!

Inspirerende leiarar var Yamaha-ambassadørane Eirik Gjerdevik og Karianne Nilssen. Saman med ei handfull instruktørar og driftige foreldre sytte dei saman med musikantane for at dette vart ei helg prega av speglede, humør, læring, gode musikkopplevingar, nye impulsar, nye utfordringar og samarbeid.

Nye venskap vart knytt. Overnatting på klasseromma på skulen. Leik og moro om kveldane. Diskotek. Førsteklasses mat og servering. Unge og vaksne i samspel. Dei vaksne fekk dela erfaringar rundt det å driva korps, og snakka om korpssamarbeid.


På søndag vart helga oppsummert med ein fartsfylt konsert, der publikumsvenlege låtar kom som perler på ei snor. Musikantane var delte opp i to korps som spelte kvar for seg og saman. Tidvis song og dans på toppen av det heile. Og for ein klang! Både publikum og til og med musikantane sjølv let seg imponera over kor fyldig og tøft det kan bli når ein spelar mange saman. Ei heilt ny oppleving for dei aller fleste av musikantane. Og ei god oppleving.

Inspirasjonsseminaret var ein suksess frå start til slutt, og ei etterlengta helg etter langvarig korona som både musikantar, instruktørar og foreldre vil leva lenge på. Kanskje heilt fram til neste korpstreff?



For gjennomgangsmelodien var klar: Dette må me gjera fleire gongar!

Tekst: Frank Kvinge
Foto: Lillian Andvik og
Madelein Strand Andvik





ENDELEG UKM IGJEN!

På dagen to år etter at koronapandemien braut ut, og etter to år med avlysingar og utsetjingar var det endeleg klart for UKM igjen.

Arrangementet i år var lagt til Sæbø skule og ungdommar i alderen ti til tjue år frå heile regionen var samla og fekk vist fram innslag med stor spennvidde for kvarandre og eit stort publikum.

Frå Masfjorden var det denne gongen påmeldt fire innslag, alle frå kulturskulen.

Åhkhi band med Åshild (15), Hannah (15), Ken Henrik (14) og Isak (15) fekk æra av å starta mønstringa med sin versjon av «Somewhere only we know». Gruppa har det siste året hatt ei rivande musikalsk utvikling under leiing av lærar Åsmund Kvinge. - Dessverre oppsto det eit teknisk problem i framføringa, basslyden forsvann, så me fekk ikkje riktig lydbilde i låten. - Irriterande, seier dei etter framføringa.

Isak overtok deretter podiet åleine, og med stemmeprakt og musikalitet akkompagnerte han seg sjølv på piano i Bruce Springsteen-klassikaren «Lost in the flood».

- For tida er det Springsteen sin musikk som opptek meg mest, og eg har øvd inn mange av låtane hans, fortel Isak.






Den yngste deltakaren frå Masfjorden var Embla Ovidia (11). Ho framførte « You say» på vakkert vis. Med seg i framføringa hadde ho eit profesjonelt husorkester. Deltakarar som treng akkompagnement får nemleg tilbod om dette, og før sjølve mønstringa tok til hadde desse deltakarane øving saman med bandet. - Det var utruleg kjekt å ha eit slikt band i ryggen under framføringa, seier Embla.

Johanne (17) var sist ut av masfjordingane. Saman med husorkesteret sto ho for ei bunnsolid tolking av balladen « Umbrella». Publikum likte det dei høyrde, tok fram lommelykta på mobilane og skapte ei magisk stemning i salen.- Eigentleg var planen å stilla med sjølvskriven låt i dag, men eg vart ikkje heilt ferdig med låten, smiler Johanne litt før ho går på scena. - Men neste gong...



Under heile mønstringa var ein fagjury i sving for å vurdere innslaga og velja ut innslag som skal vidare til fylkesmønstringa på Voss i slutten av april. Frå Masfjorden får Johanne Einestrøm og Isak Thorsheim Kvinge gleda av å delta der.

Tekst: Frank Kvinge



SKULEMUSIKANTAR PÅ HORDABLÆSTEN

Ni musikantar frå skulekorpsa i kommunen deltok siste helga i februar på Hordablæsten. Hordablæsten er ein møteplass og konkurranse for skulekorpsa i fylket, med Grieghallen og Bergen kulturskule som arena. Denne gongen deltok dei unge masfjordingane i solistkonkurransen, og dei leverte alle flotte framføringar. Med seg hadde dei Jørn Skaug som akkompagnatør.

I yngste solistklasse nådde Sanna Kvinge (kornett) heilt til topps. Ho spelte ein variasjonssolo; The technician, der ho fekk vist at ho kunne spela både fort og langsamt, sterk og svakt, og mjukt og hardt.

Sofie Lademo Ekren (althorn) kom på ein fin 3. plass.

I klassen over vart Otilie Eiksrud Riisnes (kornett) premiært med ein solid 3. plass for si virtuose framføring av The Ash grove.



Me gratulerer dyktige og modige solistar med innsatsen!

Tekst og foto: Frank Kvinge

ELEVOPPTAK I KULTURSKULEN 2022 - 23

Elevopptak i kulturskulen for skuleåret 2022-23. Søknadsfrist for inn- og utmelding er 18. april.

Informasjon om kurstilbod, inn- og utmelding, elevbetaling mm finn du her:

<https://www.masfjorden.kommune.no/innhald/oppvekst-og-undervisning/masfjorden-kulturskule-masfjorden-idrettsskule/masfjorden-kulturskule/>

Ta gjerne kontakt om de har spørsmål knytt til søkeprosessen.
Velkommen i kulturskulen!

Med helsing
Frank Kvinge
Kulturskulerektor/fagleiar kultur
Direkte: 56 16 62 46, Mobil: 970 61 230, Sentralbord: 56 16 62 00

BLI MED!

SONG, MUSIKK, TEATER, BILETKUNST, SAMSPEL



Påmeldingsfrist for skuleåret 2022-23 er 18.april



*Les om kurstilboda,
innmelding og utmelding her:*

www.masfjorden.kommune.no



ONSDAGSTURAR I MASFJORDEN 2022

Fjelltrimgruppene i Risnes idrettslag, Bjørn West IL og Fjon UIL samarbeidar og set opp onsdagsturar i Masfjorden også i 2022.

Onsdagsturar er fine nærturar i kvardagen. Med 21 onsdagsturar på programmet i 2022 byr det seg verkeleg høve til mange gode turopplevingar i den flotte kommunen vår. Riktig eit Kinderegg: Ut å lufte vetet, gode turvener og lokale turperler. Kan ein ønskje seg meir på ein ettermiddag midt i veka?

Onsdagsturane er sjølvorganiserte turar der kvar og ein har ansvar for seg sjølv. Kjentpersonar står oppført og er med på kvar tur. Kjentpersonen sitt ansvar er å vise fram til turmålet. Du kan gjerne

ringe kjentpersonen på førehand om du har spørsmål om turen, vanskegrad, oppmøte eller anna.

Mange lurar på kva tempo det er på turane. Kva som er seint eller fort er ulikt opplevd. Ein ting som er sikkert: Vi ventar på kvarandre, og på turmålet ventar flott utsikt.

Gratis å vere med.

Nordhordland Turlag marknadsfører onsdagsturane og informasjon om turane finn du på turlaget sine nettsider nordhordland.dnt.no

Hjarteleg velkomen!

Nr.	Dato:	Turmål:	Oppmøte/parkering:	Kontaktperson
¹	30. mars	Melshovden	Sørkvingevatnet	Terje tlf. 915 78 002
²	6. april	Steinsfjellet	Utkørsle ved kommunegrensa ytre Haugsdal-Hovden.	Heidi/Gunn Marit tlf. 995 30 254
Påskeferie				
³	20. april	Holten	Indre Haugsdal, gamlekaiaen	Beate tlf. 975 03 083
⁴	27. april	Torsteinshytta	Parkeringsplass ved kraftverket ved Sandnes elva	Terje tlf. 915 78 002
⁵	4. mai	Eikebotn	Tangedalen	Heidi/Gunn Marit tlf. 995 30 254
⁶	11. mai	Kvalsbergsnåva	Haugsværtunet	Bjørn Åge tlf. 46818793 og Asle tlf. 90837088
⁷	18. mai	Nilsebu	Einestrånd	Terje tlf. 915 78 002
⁸	25. mai	Melshovden	Snuplassen på Rambiørg	Norunn tlf. 906 97 46
⁹	1.juni	Gleinefjellet	Brua ved Gangløysevatnet	Ivar Helge tlf. 924 44 211
¹⁰	8. juni	Hellebergsåta	Mjanger	Terje tlf. 915 78 002
¹¹	15. juni	Torsvikåsen	Nordbygda samfunnshus	Heidi/Gunn Marit tlf. 995 30 254
¹²	22. juni	Skiddalen	Kringla, avkørsel ved lita betong bru	Åse Marit tlf. 941 91 307
¹³	29. juni	Håvarden	Elvik	Astrid tlf. 991 63 456
Sommarferie				
¹⁴	10. august	Furedalen	Turparkering i Ynnesdalen	Marta tlf. 959 38 627
¹⁵	17. august	Fagerdalen	Fossestølen	Åse Marit tlf. 941 91 307
¹⁶	24. august	Litlefjellet	Nordlandsdalen v/skytebana	Terje tlf. 915 78 002
¹⁷	31. august	Austevågen	Frøyset kyrkje	Marta tlf. 959 38 627
¹⁸	7. september	Matresnipa	Grusplassen over Trodalstunellen	Bjørn Åge tlf. 46818793 og Asle tlf. 90837088
¹⁹	14. september	Fjordblikk – dagsturhytta på Grøttneset	Parkeringa til dagturhytta på Kvingebakkane	Terje tlf. 915 78 002
²⁰	21. september	Myrdalen	Skulemuseet på Sleire	Marta tlf. 959 38 627
²¹	28. september	Kjerringefjellet	Utløpet av Midtkvittjørna mellom Kalhøyde og Solheim	Åse Marit tlf. 941 91 307



Masfjorden kommune

Kommunale tilskot på kulturområdet

Søknadsfristar for å søkja om tilskot på kulturområdet samt framlegg til kulturpriskandidat er 18. april 2022.

Kulturmidlar

Kulturmidlar er driftstilskot tildelt lag og organisasjonar. Elektronisk søknadsskjema for kulturmidlar på heimesida under [«Skjema og digital post»](#).

Alle søkjarar må senda inn årsmelding og rekneskap som vedlegg til søknaden.

Særskilde kulturtiltak

20% av summen som er sett av til kulturmidlar er øyremerkt særskilde kulturtiltak. Arrangør av slike kulturtiltak kan gjennom året søkja tilskot frå desse midlane.

Gje ein kort presentasjon av tiltaket inkludert budsjett.

Ein nyttar same elektroniske skjema som til kulturmidlar, men hakar av for at søknaden gjeld særskilde kulturtiltak på s.2.

Kulturtiltaksmidlar

Dette er midlar som skal stimulera lokalt næringsliv, lagsliv og andre aktørar til å stå som kulturarrangør, slik at ein i kommunen kan tilby varierte og gode kulturopplevingar. Det er sett av kr 100 000 over Kraftfondbudsjettet til slike tiltak for 2022.

Elektronisk søknadsskjema på heimesida under [«Skjema og digital post»](#). Ein nyttar same digitale skjema som til kulturmidlar, men hakar av for kulturtiltaksmidlar på s.2.

Vaksenopplæringsmidlar

Elektronisk søknadsskjema på heimesida under [«Skjema og digital post»](#). Ein søker vår og haust med fristar 18.04 og 01.10.

Kulturvernmidlar

Kommunen gjev tilskot til restaurering/istandsetjing av eldre bygningar, bygningsmiljø og andre kulturminne som ligg innan for Masfjorden kommune sine grenser. Eigarar av slike kulturminne kan søkja tilskot frå desse midlane. Det er sett av kr 70 000 til slike tiltak for 2022.

Elektronisk søknadsskjema på heimesida under [«Skjema og digital post»](#).

Kandidat til kulturprisen

Har du framlegg til nokon som du meiner fortener kulturprisen? Målet med prisen er å gje ei utmerking til eit lag, ein organisasjon eller ein privatperson som har gjort ein stor innsats innan kunst- og kulturlivet i kommunen. Prisen skal stimulera til auka engasjement for frivillig arbeid.

Send forslag innan 18. april til
Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 Masfjordnes
post@masfjorden.kommune.no

MASFJORDEN KOMMUNE ER POSITIVE TIL Å TA I MOT FLYKTNINGAR FRÅ UKRAINA

Leiinga har vurdert at kommunen i første runde har kapasitet til å ta imot 50 personar. Talet er basert på tidlegare erfaringar med mottak av flyktningar.

I flyktnings situasjonen er det forventa at kommunar m.a. skal bidra med: informasjon til dei som kjem privat om registrering hjå politiet, kommunale tenester, busetting, og samhandling med frivillige lag og organisasjonar.

Mange ukrainarar har vener og familie i Noreg. Reglar for privatreisande er at alle med biometrisk pass har rett til opphald i 90 dagar (turistvisum). Andre må registrere seg hjå politi når dei kjem inn til landet. Det er oppretta eit nasjonalt mottakssenter for flyktningar i Råde kommune, i tillegg er det oppretta regionale senter der flyktningar kan registrere seg for å søkja om rett til å bu i landet. I Vestland ligg dette ved Flesland på Scandic hotell, Kokstadflaten 2.

UDI (utlendingsdirektoratet) arbeider med å utvide ordninga «Alternativ mottaksplassering – AMOT» for asylsøklarar som har familie som allereie er busett i ein kommune. Kommunane må avtale bustad med myndighetene. For informasjon om beskyttelse og opphald i Noreg for personar som er råka av krisa i Ukraina, les meir på udi.no

Kommunen har sjølv 10 kommunale bustader, som no er reservert til flyktningar. Dei første av desse vil vera innflyttingklare i løpet av april. Dei andre reknar ein med er klare i løpet av mai.

Kommunen har motteke fleire meldingar frå folk som har ledig husvære. Kommunen planlegg å ta kontakt med desse med det første, for å kartleggja desse bustadane nærmare.

Det er og nyttig å få ei oversikt over ledige private leilegheiter i kommunen dersom behovet skulle endra seg i framtida. Så send gjerne melding til post@Masfjorden.kommune.no dersom du har ledig hus/leilegheit.

Skriv då opp adressa og storleiken på bustaden, tal soverom og bad, og eventuelt anna fakta som er viktig for folk som skal bu der.

Kor tid det eventuelt kjem flyktningar til Masfjorden er enno usikkert.

Tekst: Sveinung Toft, ass. rådmann





Masfjorden kommune

Eableringstilskot

KS - 037/2021 Vedtak

Ordning med etableringstilskot vert justert og får følgjande regelverk frå 1.01.2021

- Det kan gjevast etableringstilskot til førstegongs etablering med bygging, kjøp og/eller restaurering av eigen privat bustad i Masfjorden kommune med kr. 60.000,- for dei under 35 år, og kr. 40.000,- for dei mellom 35 år og inntil ein fyller 40 år. Etableringstilskotet kan ikkje utgjere meir enn 10% av kostnaden
- Etableringstilskot vert berre ytt til ungdom i etableringsfasen. For å koma innafor definisjonen "ungdom i etableringsfasen", må søkjaren vera under 40 år den dag mellombels bruksløyve/ferdigattest ligg føre.
- **Søknadsfrist vert sett til 1. september** kvart år, for utbetaling i neste budsjettår, slik at midlane til etableringstilskot kan innarbeidast i årsbudsjettet til kraftfondet.
- Ved søknaden må det leggjast ved attestasjon på at søkjaren er byggherre, og skal vera eigar av huset/registrert som innbyggjar i kommunen.
- Etableringstilskotet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av bustad eller flytting frå kommunen før dette tidsrommet er ute, skal kommunen ha tilbakebetaling i høve til den tida som er gått.
- Etableringstilskotet kan betalast ut etter nærare vurdering når mellombels bruksløyve eller ferdigattest føreligg.

Søknadsskjema ligg på heimesida




Du kan bidra til at menneske i nød får tilgang til rent vatn. Enten neda er forårsaka av tørken i Malawi, krisa i Afghanistan eller krigen i Ukraina.

Les meir på fasteaksjonen.no

DET ER HÅP I EIN DROPE VATN

VIPPS til 2426

 **KIRKENS NØDHJELP**
act alliance

FRIST FOR INNSENDING TIL MASFJORDINGEN

Bladet skal vera klart til utsending
10 dagar etter fristen: 23.mai

Noter dato i årshjulet for din organisasjon. Få med både førehandsomtale og del gjerne bilete og minneverdige stunder frå hendinga i etterkant. Slik at de kan få åtgang og folk i bygdene kan få eit innblikk i det som skjer.

KONTAKTINFORMASJON TIL KOMMUNEN



Telefon: 56 16 62 00
Epost: post@masfjorden.kommune.no

Post- og besøksadresse:
Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

KONTAKTINFORMASJON TIL KYRKJA



Kyrkjevevje: Eli Eidsnes
Tlf.: 56 16 62 61/906 13 515
E-post kyrkjevevja@masfjorden.kommune.no

Kyrkjelydsmusikar: Anne Merethe Reknes
Tlf.: 47 41 31 41
E-post:
anne.merethe.reknes@masfjorden.kommune.no

Diakoni og undervisningsleiar:
Helga Ekehaug
Tlf. 56 16 62 62, 911 93 612
e-post: helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no

Sogneprest, vikar: Torbjørn Sæle
Tlf.: 56 16 62 63/ 951 41 685
e-post: ts657@kyrkja.no

Vipps Masfjorden Sokn: 620513

ARBEIDSGRUPPA FOR MASFJORDINGEN

Helga Ekehaug, Mary Hope, Frank Kvinge,
Sigrun Haugsdal Reknes, Sveinung Toft

helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no
mary.hope@masfjorden.kommune.no
frank.kvinge@masfjorden.kommune.no
sigrun.haugsdal.reknes@masfjorden.kommune.no
sveinung.toft@masfjorden.kommune.no

Formgjeving: Mary Hope